



Medietilsynet  
NORWEGIAN MEDIA AUTHORITY

Til alle aviser

Dykkar ref.:

Vår ref.: 18/42-6 NCB

Fredrikstad, 2. mars 2018

## Søknad om produksjonstilskot for 2018

Fristen for å søke om produksjonstilskot er tysdag **3. april 2018**. Søkarar som ikkje held fristen, kan miste retten til tilskot.

### Revisorattestasjon

Søknaden skal attesterast av statsautorisert eller registrert revisor. For søkjarar som fekk mindre enn 400 000 kroner i tilskot i 2017, er det tilstrekkeleg at verksemda sin forretningsfører attesterer søknaden. I forskrift om fastsetjing av opplag mv. i nyheits- og aktualitetsmedium kjem det fram kva opplysingar det skal attesterast for.

### § 7. Søknad om produksjonstilskudd

*Søknad om produksjonstilskudd skal leveres på skjema fastsatt av Medietilsynet.*

*Søknaden om produksjonstilskudd skal attesteres av revisor. Revisor skal attestere for at alle opplysninger hentet fra søkerens regnskaper og opplysninger om utbetalt utbytte eller konsernbidrag er korrekte. Revisor skal også attestere for at opplysninger om tilleggsvirksomhet, statlig driftsstøtte fra andre kilder og offentlige eierandeler i medieselskapet er korrekte. For søkere eid av konserner skal revisor også attestere for at det er oppgitt korrekt administrasjons- og serviceavgift til dekning av konsernets felleskostnader.*

*Forvaltningsloven kommer til anvendelse på Medietilsynets saksbehandling etter denne forskriften.*

### Elektronisk skjema

Søknadsskjemaet finn du på nettsidene våre: <https://skjema.medietilsynet.no>. På same måte som i fjor vel du ID-porten når du skal logge deg inn på skjemaet. ID-porten er ei felles innloggingsløsning til offentlege tenester på nett, og tilbyr sikker innlogging ved bruk av elektronisk ID. Meir informasjon om ID-porten finn du på <http://www.idporten.no>.

Ved å nytte innlogging via ID-porten vil heile søknadsprosessen skje elektronisk. Når du sender inn skjemaet går det direkte til den revisor du har valt i skjemaet. Du vil motta ei kvittering på e-post med ein referansekode som viser at du har sendt søknaden til revisor. Du kan når som helst finne tilbake til skjemaet med dei opplysingane du har sendt inn ved å logge deg inn på ID-porten. Dersom revisor mener noko er feil, får du skjemaet i retur med informasjon om kva som manglar eller er galt. Når revisor sender søknaden til Medietilsynet, vil du få beskjed om at skjemaet er sendt inn.

Når du opnar skjemaet ber vi om mediet sitt ID-nummer. **ID-nummeret finn du på første side nederst til høyre i skjema.** Organisasjonsnummeret skriv du utan mellomrom. Dette feltet er kopla opp mot Føretaksregisteret, og namnet vil bli fylt inn automatisk - dette for å

sikre at organisasjonsnummeret er riktig. Om du finn ut at noko er feil etter at søknaden er sendt inn til Medietilsynet, må du fylle ut skjemaet på nytt. Det siste innsendte skjemaet vil vere den gjeldande søknaden.

Dersom du har spørsmål til utfyllinga, kan du ringe oss for nærmare rettleiing på 69 30 12 00 eller sende e-post til [post@medietilsynet.no](mailto:post@medietilsynet.no).

### **Nye medium**

Dersom du søker om tilskot til eit nyetablert medium, ber vi om at du sender oss ti ulike nummer av mediet frå 2017. Er mediet eit kontinuerleg oppdatert nettmedium, ber vi om at to fulle vekerproduksjonar frå 2017 blir gjort tilgjengelege for Medietilsynet. Publiseringsdato for den einkilde artikkelen må kome tydeleg fram.

Nye søkjarar vil få gjesting av Norsk Opplagskontroll AS for blant anna å kontrollere opplaget i 2017. Selskapet kjem til å ta kontakt med søkjar for å avtale tidspunkt for kontrollen.

### **Løyvingsramme**

Løyvinga til produksjonstilskotet for 2018 er 313 millionar kroner.

Den endelege tilskotssummen til media for 2018 blir kjend i oktober når satsane for fordeling av tilskotet er fastsette av Kulturdepartementet.

Med helsing



Tor Erik Engebretsen e.f.  
Områdedirektør tilskot, økonomi og marknad



Nina C. Bjerke  
Rådgjevar